



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

KONTROLLUTVALET

i

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

ÅRSMELDING 2017



Kontrollutvalet på besøk i Bømlo kommune

Foto: Hogne Haktorson

Innhold

KONTROLLUTVALET	1
1. Om kontrollutvalet:.....	3
2. Fakta om verksemda i 2017	4
3. Måla til kontrollutvalet.....	4
4. Opplæring av kontrollutvalet og andre.....	4
5. Fylkeskommunen sin valde revisor - Deloitte AS.....	4
6. Revisjon av kontrollutvalet sine rekneskapar	5
7. Sekretariat for kontrollutvalet	5
8. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT).....	5
9. Kontrollutvalet til Sunnhordland.....	5
10. Den økonomiske situasjonen i fylkeskommunen	5
11. Rekneskapsrevisjonen.....	6
12. Kontrollutvalet si rolle i høve regionreforma	6
13. Gjennomførte forvaltningsrevisjonar	7
14. Gjennomførte selskapskontrollar.....	17
15. Andre saker	21
OPPFØLGING AV TIDLEGARE GJENNOMFØRTE FORVALTNINGSREVISJONAR OG SELSKAPSKONTROLLAR	22
1. Forvaltningsrevisjon av internkontrollsystem og HMT	22
2. Forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid	23
3. Selskapskontroll av Fastlandssambandet Halsnøy AS.....	24
4. Forvaltningsrevisjon av NDLA 1	25
5. Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vgs – Del 1	26
6. Forvaltningsrevisjon av regionale utviklingsmidlar.....	27
7. Forvaltningsrevisjon av skuleskyssordninga.....	27
8. Selskapskontroll av Hardanger AKS AS	28
9. Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i	29

1. Om kontrollutvalet:

Lovgrunnlag

Lov om kommuner og fylkeskommuner av 25.09.1992 (kommuneloven) § 77, fastset at fylkestinget skal velje eit kontrollutval.

Kommunal- og regionaldepartementet fastsette 15.06.2004, med heimel kommunelova § 77 nr. 11, "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner".

Kommunelova og denne forskrifta er viktig basis for kontrollutvalet si verksemd.

Oppgåver

Kontrollutvalet skal føra tilsyn og kontroll med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget og sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Hordaland fylkeskommune har konkurranseutsett revisjonsoppgåvene og det er for tida Deloitte AS som er den valde revisor.

Kontrollutvalet sitt tilsyn og kontroll vert gjort m.a. ved at:

- den valde revisor vert sett til å gjennomføre revisjon av årsrekneskapen
- den valde revisor vert sett til å gjennomføre forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og andre revisjonsoppgåver på bestilling frå utvalet
- den valde revisor rapporterer resultatet av sitt arbeid til utvalet
- fylkestinget vert orientert om saker som det er viktig å få kunnskap om
- utvalet, gjennom den valde revisor sitt arbeid til ei kvar tid, vurderer om ein har ei forsvarleg revisjonsordning

Kontrollutvalet har eit eige sekretariat som skal yte kontrollutvalet den bistand som utvalet har trong for. Sekretariatet skal m.a. sjå til at dei saker som vert handsama i kontrollutvalet er forsvarlig utgreidd og gjer innstilling i saker til kontrollutvalet.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune var også sekretariat for kontrollutvala i desse 17 kommunane i 2017: Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Voss, Kvam, Fusa, Stord, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad, Øygarden, Sund, Samnanger, Vaksdal og Askøy. I tillegg til dette er sekretariatet sekretær for kontrollutvalet i Bergen Kirkelige Fellesråd.

For valperioden 2015 – 2019 er kontrollutvalet sett saman slik:

- Inge Reidar Kallevåg (H), leiar
- Kristian Helland (KRF), nestleiar
- Åse Gunn Husebø (Ap)
- Sara Berge Økland (FRP)
- Terje Kollbotn (R)

Etter søknad gav fylkestinget Sara Berge Økland (FRP) permisjon fram til 01.07.2018. I hennar permisjonstid valde fylkestinget Ruth Eriksen (FRP).

Inger Reidar Kallevåg (H), Åse Gunn Husebø (Ap) og Terje Kollbotn (R) har sete i fylkestinget.

2. Fakta om verksemda i 2017

- Kontrollutvalet hadde 11 ordinære møter
- Kontrollutvalet handsama 150 saker
- Møta vart haldne for opne dører
- Fylkesordføraren har møterett i kontrollutvalet
- Arbeidet i kontrollutvalet byggjer på saksframlegg med innstilling laga av sekretariatet. Saksframlegget baserer seg på rapportar, utgreiingar og anna skriftleg dokumentasjon som i hovudsak er motteke frå revisjonen. Vidare baserer utvalet seg på møtebøker, orienteringar frå administrasjonen og kontakt med tilsette, organisasjonar og publikum
- Kontrollutvalet har fått tilgang til all informasjon det vart bede om

3. Måla til kontrollutvalet

- Å auke tillit og tryggleik for at fylkeskommunale oppgåver vert utført på best mogleg måte og at sakshandsaminga sikrar likebehandling og rettstryggleik
- Å auke kvalitet og effektivitet i dei interne rutineane
- Å optimalisere dei totale kontrollressursane i fylkeskommunen
- Å nytte dei fylkeskommunale midlane optimalt, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat
- Å sikre ein profesjonell og effektiv revisjon
- Å sikre uavhengigheta mellom kontrollutvalet og administrasjonen på den eine sida og kontrollutvalet og den valde revisjonen på den andre sida

4. Opplæring av kontrollutvalet og andre

I januar 2018 er det planlagt felles folkevaldopplæring i Molde for kontrollutvala i dei 4 fylkeskommunane på Vestlandet.

I løpet av 2016 vart det i regi av Deloitte AS arrangert kurs innan «Bestilling av forvaltningsrevisjon». Kostnaden til dette kurset ligg inne som ein del av fastprisen i avtalen mellom Deloitte og fylkeskommunen.

Leiar i kontrollutvalet, Inge Reidar Kallevåg, deltok på NKRF-konferansen på Gardermoen 01. – 02.02.17.

5. Fylkeskommunen sin valde revisor - Deloitte AS

Fylkestinget vedtok i marstinget 2017 å velje Deloitte AS som ekstern revisor for Hordaland fylkeskommune frå 1. juli 2017 til og med 30. juni 2021.

Ansvarlig revisor i 2017 har vore partner Bjarne Ryland. Han har levert eigenvurdering vedrørande at Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune. I tillegg til dette har Deloitte orientert kontrollutvalet om vurderingar av eigen uavhengighet som dei har gjort fleire gonger i løpet av året.

6. Revisjon av kontrollutvalet sine rekneskapar

Kontrollutvalet har bede Møre og Romsdal revisjon IKS om å revidere kontrollutvalet og sekretariat for kontrollutvalet sine egne rekneskapar. Dette vart gjort av omsyn til å ivareta kontrollutvalet si uavhengighet.

7. Sekretariat for kontrollutvalet

Sekretariatet har løyve til å selje tenester til andre kommunar i fylket. Dette har resultert i at sekretariatet pr. 31.12.2017 hadde 17 kommunar og eit kirkelig fellesråd som kjøper sekretariatstenester. Av desse er 3 inngått avtale med i løpet av 2017.

Sekretariatet disponerer pr. 31.12.17 i alt 5 tilsette med til saman 4,8 årsverk.

8. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein interesseorganisasjon for kontrollutvala i Noreg og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune og sekretariatet er begge medlemmer i FKT.

FKT hadde sin årlege fagkonferanse og årsmøte i Tromsø i tidsrommet 7. – 8.06.2017. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune hadde denne gongen ingen deltakar på konferansen.

Konferansen inneheld desse hovudtemaa: «Åpning av leiar av Stortingets kommunal- og forvaltningskomite», «Offentlige anskaffelser», «Det kommunale og fylkeskommunale risikobildet», «Korrupsjon i kommunal sektor – slappe kontrollutvalg?», «Kommuneregnskap for politikere» og Hva kan kontrollutvalget forvente av sekretariatet?»

9. Kontrollutvalet til Sunnhordland

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjennomførte i tida 28. – 29.08.2017 studietur til fylkeskommunale einingar i Sunnhordland og til Bømlo kommune.

Utvalet besøkte Bømlo kommune der tema var samarbeid mellom kommunen og fylkeskommunen. Vidare vart Bømlo kulturhus, Rubbestadneset vidaregåande skule, Moster Amfi og Sunnhordland museum besøkt av kontrollutvalet.

10. Den økonomiske situasjonen i fylkeskommunen

Av rekneskapen for 2016 går det fram at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 248,2 mill dvs. netto resultatgrad på 2,88 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle fylkeskommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 5,0 % i 2016. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 prosent fram til 2014 for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Frå 2014 er dette talet oppjustert til 4,0 %.

For Hordaland fylkeskommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2012 (+ 3,31 %), 2013 (+ 6,62 %), 2014 (+ 0,66 %), 2015 (+ 2,07 %) og 2016 (+ 2,88 %). Som vi ser av desse tala har fylkeskommunen eit resultat som i 2016 er monaleg lågare enn både tilrådinga frå TBU og snittet i fylkeskommunane.

Kontrollutvalet oppsummerte slik i sin uttale til årsrekneskapen:

- *Kontrollutvalet oppmoder fylkeskommunen om å prioritere forbedringsområda som kjem fram i revisjonsrapport 2016 nr. 17, frå Deloitte*
- *Kontrollutvalet er uroa over at Hordaland fylkeskommune si lånegjeld har auka for fleire år på rad og ligg monaleg over Riksrevisjonen si tilråding. Den er 109,2 % ift. driftsinntektene, medan det er tilrådd å ligga under 75 %. Disposisjonsfondet er lågt i høve Riksrevisjonen si tilråding på minimum 5 %. Samstundes har fylkeskommunen eit driftsresultat for 2016 som ligg under tilrådinga frå TBU og godt under snitt for fylkeskommunar, trass i at same årsresultatet målt i kroner synest vera rimeleg bra.*

Fylkesrådmannen gjorde i møte 30.10.17 greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbedringsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 17 frå Deloitte, som gjeld rekneskapsåret 2016. Kontrollutvalet sa seg nøgd med informasjonen som kom fram og tok den til orientering.

11. Rekneskapsrevisjonen

Deloitte orienterte kontrollutvalet gjennom heile året om status når det gjeld rekneskapsrevisjonen. Deloitte sin plan for rekneskapsrevisjon vart presentert for utvalet hausten 2017. For rekneskapsåret 2017 har Deloitte teke over heile ansvaret for revisjon av fylkesvegane etter at Riksrevisjonen ikkje lenger vil påta seg dette revisjonsarbeidet. Det har også i år vore fokus på utfordringar i høve Statens vegvesen når det gjeld rutinar rundt momskompensasjon.

Dei presenterte den gjennomførte interimrevisjonen for 2017 for kontrollutvalet i siste møte i 2017. Deloitte har i samband med interimrevisjonen gjort særskilde vurderingar av rutinar innan delar av intern kontrollen i fylkeskommunen.

På bakgrunn av interimrevisjonsrapporten gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:

«Kontrollutvalet tar interimrevisjonsrapport 2017 frå Deloitte til orientering.»

12. Kontrollutvalet si rolle i høve regionreforma

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune arrangerte 08.05.2017 eit felles arbeidsmøtet der tema var Kva rolle skal kontrollutvala ha i samband med samanslåinga av dei to fylkeskommunane. Det vart semje i dette møtet om å arbeide vidare med m.a. desse temaa:

- Innstilling på val av revisor for fellesnemnda
- Val av sekretariatordning i ny fylkeskommune
- Val av revisjonsordning i ny fylkeskommune
- Samkøyring av rullering av plan for forvaltningsrevisjon

[Kontrollutvalet handsama i møte 23.05.2017 sak om val av revisor for fellesnemnda i samband med samanslåing av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune der det vart vedteke slik innstilling:](#)

«Fylkestinget vel til revisor for fellesnemnda for samanslåinga av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune, det revisjonsselskapet som er rekneskapsrevisor for den fylkeskommunen som fører prosjektrekneskapen for fellesnemnda.»

[Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok tilsvarande innstilling og begge fylkestinga vedtok den samrøystes i møte 27.10.17 i Gulen.](#)

Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune arrangerte felles arbeidsmøte nr. 2 som videokonferanse 21.11.2017. I dette møtet vart det semje om å arbeide vidare med m.a. desse områda i kvart av utvala:

- Val av sekretariatsordning – semje om å innstille på same ordning som i dag, med eige tilsett personale i den nye fylkeskommunen
- Val av revisjonsordning (eventuell val av revisor)
- Rullering av plan for forvaltningsrevisjon
- Kontroll av fellesnemnda
- Kontroll av noverande fylkeskommunar
- Tentativ dato for neste felles møte var sett til slutten av mars – starten av april 2018.

13. Gjennomførte forvaltningsrevisjonar

Forskrift om kontrollutvalg § 9. Forvaltningsrevisjon lyd slik:

”Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel. Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.”

Kontrollutvalet vurderer m.a. kvaliteten i sakshandsaminga og om vedtak og premisser er tilstrekkeleg klårt utforma til at vedtaka kan effektuerast. I punkta nedanfor kjem kort omtale av dei forvaltningsrevisjonane som kontrollutvalet har handsama i 2017.

13.1. Analyse og plan for forvaltningsrevisjon

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyd slik:

”Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”

Deloitte leia i 2016, på bestilling frå kontrollutvalet, arbeidet med analyse og plan for forvaltningsrevisjon i Hordaland fylkeskommune. I analysearbeidet vart både administrativ og politisk leiing involvert. Vidare vart kontrollutvalet i sterk grad involvert, m.a. i 2 prosessmøte, som til slutt enda opp i at utvalet laga innstilling til fylkestinget på plan for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020. Planen vart vedteken i tråd med innstillinga i fylkestinget 04.10.2016.

13.2. Rullering av plan for forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 18.12.17:

1. Kontrollutvalet vil i første halvår 2018 gjennomføra ei evaluering av gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.
2. Kontrollutvalet ber Deloitte om å utarbeida forslag til ein prosjektplan for gjennomføring av ei slik felles evaluering av dei vedtekte planane i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune, i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.

3. *Prosjektplanen skal leverast sekretariata innan 17.01.2018 og skal handsamast i møte i kontrollutvala i februar 2018.*

Forslag til prosjektplan skal handsamast i kontrollutvalet 05.02.2018.

13.3. Forvaltningsrevisjon av NDLA 2

På bakgrunn av det som kom fram i forvaltningsrevisjon av NDLA 1 gjorde kontrollutvalet slikt vedtak i møte 16.2.16:

1. *Kontrollutvalet ønskjer å gå vidare inn i saka og ber Deloitte gjennomføre ein utvida forvaltningsrevisjon av NDLA.*
2. *Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve i dette møte, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk innan 1.3.16.*
3. *Leiar i kontrollutvalet, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.*

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at prosjektet har slikt føremål og slike problemstillingar:

«Føremålet med prosjektet er å avdekke om NDLA sine innkjøp, samhandling med leverandører og arbeidsmiljø samsvarer med regelverk, interne rutiner og etiske retningslinjer.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. *Er det etablert system, rutinar og kontrollar (økonomisk internkontroll) som førebyggjer og hindrar at korrupsjon og mislegheiter kan førekomme?*
2. *I kva grad er NDLA sine innkjøp frå leverandør av tekniske tenester i tilstrekkeleg grad dokumenterte og etterprøvbare, med behovsvurdering, spesifisert faktura med tilhøyrande bilag, fakturadokumentasjon frå underleverandør mm.?*
3. *I kva grad er innkjøp frå andre leverandører NDLA har hatt avtalar med tilstrekkeleg dokumenterte og etterprøvbare gjennom behovsvurdering, spesifisert faktura med tilhøyrande bilag, fakturadokumentasjon frå underleverandør mm.?*
4. *I kva grad har samhandling/interaksjon med leverandør av tekniske tenester og andre utvalde aktørar blitt handtert på ein profesjonell og forretningsetisk måte, og i samsvar med regelverk og ev. interne rutinar og retningslinjer?*
5. *Korleis og i kva grad har ekstern leverandør av tekniske tenester vore involvert i dagleg teknisk drift av NDLA?*
 - a. *I kva grad har NDLA inngått databehandlaravtale med ekstern leverandør av tekniske tenester i dei tilfella der dette har vore aktuelt?*
 - b. *I kva grad har NDLA sikra tilstrekkeleg vern av sensitiv informasjon knytt til innkjøp, leverandørinformasjon mv.?*
6. *I kva grad har NDLA sikra eit forsvarleg arbeidsmiljø?*
 - a. *I kva grad er det etablert system og rutinar for å legge forhold til rette for varsling?*
 - b. *I kva grad har NDLA sikra tilstrekkeleg tilrettelegging og handtering av melding/varsel om kritikkverdige forhold i organisasjonen?*
 - c. *I kva grad har det vore varsling om kritikkverdige forhold i organisasjonen?*
 - d. *I kva grad er ev. varsling i NDLA gjennomført på ein forsvarleg måte?*
 - e. *I kva grad har NDLA følgt opp og behandla tilsette som har meldt frå om kritikkverdige forhold i organisasjonen i samsvar med gjeldande regelverk?*

Det har vist seg at forvaltningsrevisjon av NDLA 2 vart mykje meir krevjande og omfattande enn det som låg til grunn i den godkjende prosjektplanen. Dette skuldast m.a. at det har vore krevjande for revisor å få tak i naudsynt dokumentasjon for å kunne gjennomføre revisjonen på ein forsvarleg måte. Levering av revisjonsrapporten er difor vorte monaleg forseinka. Den opphavlege fristen var sett til 31.8.2016 medan rapporten først vart ferdig til handsaming i kontrollutvalet 23.05.17, altså over 8 månader forseinka. 9 andre fylkeskommunar har vore med på å delfinansiere arbeidet.

Revisjonsrapporten vart ferdig til handsaming til møte i kontrollutvalet 23.05.2017. Dagen før møtet vart det motteke eit notat frå varslarar som er omtala i rapporten, der dei kommenterte innhaldet. På bakgrunn av dette vart det gjort slikt vedtak:

1. *Skrifleg svar i høve notat frå varslarane motteke 22.05.2017 vert å sende sekretariatet etter møtet, etter at det har vore send på høyring til NDLA og fylkesrådmannen.*
2. *Kontrollutvalet ønskjer vidare å få meir informasjon i høve desse punkta:*
 - *Habilitet*
 - *Oversikt over leverandører til NDLA før og no*
 - *Selskapsstruktur*
 - *Den omtalte grafen frå 2013*
 - *Organisering/tilsette i NDLA før og no*
 - *Eigarskap i leverandørselskap mv. før og no*
3. *Handsaming av revisjonsrapport NDLA, Del II vert utsett til møte i kontrollutvalet 28. – 29.08.2017.*
4. *Tilsvaret frå Deloitte i høve notat frå varslarane, samt informasjonen det er bede om i punkt 2 over, vert å levere sekretariatet seinast innan 14.08.2017.*
5. *Kontrollutvalet betraktar e-post dagsett 23.05.2017 som eit nytt varsel og det vert, etter å ha førespurt avsendar, å sende til rette organ i den aktuelle fylkeskommune.*

Revisjonsrapporten vart handsama i fylkestinget 03.10.17 og det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av Nasjonal digital læringsarena (NDLA) – Del II ber fylkestinget fylkesrådmannen og NDLA om syta for å:

1. *Sikre at alle medarbeidarar i NDLA er tilstrekkeleg informert om relevante rutinar og internkontrolltiltak knytt til anskaffingar og innkjøp.*
2. *Etablere rutinar for fakturahandsaming som sikrar at det blir utført kontroll av at fakturaar frå leverandørar inneheld all naudsynt informasjon.*
3. *Fullføre arbeidet med å etablere rutinar for kommunikasjon og rapportering mellom dagleg leiing og styret*
4. *Tydeleggjere overfor medarbeidarane i NDLA kven som har kva roller i samarbeidet når det gjeld innkjøp, samt korleis NDLA er organisert med omsyn til bestilling og avgjersler rundt utviklingsarbeid.*
5. *Gå gjennom og avklarar med dei ulike involverte partane korleis handsaming av personopplysningar om NDLA sine brukarar skal organiserast og dokumenterast, og inngår databehandlaravtalar som manglar for å sikre at handsaming av personopplysningar blir regulert i samsvar med gjeldande regelverk*
6. *Sikre at alle medarbeidarar i NDLA er tilstrekkeleg informert om system og rutinar for:*
 1. *Avviksmelding og -handtering.*
 2. *Varsling om kritikkverdige forhold.*
7. *Sikre at medarbeidarar som varslar om kritikkverdige forhold i samsvar med arbeidsmiljølova, blir følgt opp og teke hand om i samsvar med gjeldande føresegn om vern mot gjengjelding ved varsling.*
8. *Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.12.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

Kontrollutvalet handsama handlingsplan i tråd med punkt 8 i vedtaket over i møte 18.12.17 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av NDLA – Del 2.*
2. *På bakgrunn av at det meste av forbetningsarbeidet skal vera ferdig i løpet av første kvartal 2018 ber kontrollutvalet om ny skriftleg tilbakemelding på punkta 3, 5, 6 og 7 innan 16.04.2018.*

13.3.1. Forvaltningsrevisjon av NDLA til Økokrim

Kontrollutvalet i Telemark fylkeskommune sendte 23.11.2017 ei bekymringsmelding til Økokrim gjeldande NDLA. Kontrollutvalet fekk denne lagt fram som referatsak RS 70/17 i møte 29.11.2017 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Deloitte vil lage eit notat til kontrollutvalet med eit tilsvar til RS 70/17 «Telemark kontrollutvals bekymringsmelding vedr. NDLA» innan 15.01.2018.
2. Sekretariatet vert beden om å førebu ei sak til møte i kontrollutvalet 05.02.2018 i høve notatet frå Deloitte. Saka skal også innehalde resultat av vedtak i fylkestinga i dei andre 17 fylkeskommunane som har eigardel i NDLA.
3. Sekretariatet vert også beden om å ta kontakt med økokrim for å få greie på om dei vil opne sak eller ikkje, samt korleis Økokrim generelt handterer bekymringsmeldingar ift. anmeldelse.

13.4. Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vgs 2

På bakgrunn av det som kom fram i forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skula 1 gjorde kontrollutvalet slikt vedtak i møte 17.11.16:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan «Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2».
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 5.12.2016 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at prosjektet har slikt føremål og slike problemstillingar:

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å kartlegge omfanget av forretningsdrift i dei vidaregåande skulane i Hordaland, undersøke om forretningsdrifta er innanfor regelverket og om fylkeskommunen har tilfredsstillande system og rutinar for forretningsdrift ved skulane.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. **Kva er omfanget av dei vidaregåande skulane i Hordaland si forretningsdrift?**
 - a) Kor mange skular har forretningsdrift?
 - b) Kva varar og tenester blir omsett ved skulane?
 - c) Kor mykje omsette skulane for i rekneskapsåret 2015?
 - d) Korleis er forretningsdrifta organisert ved skulane?
2. **I kva grad er forretningsdrifta ved vidaregåande skular i samsvar med regelverk, nasjonale føringar og Fylkeskommunen sine retningslinjer?**
 - a) I kva grad er forretningsdrifta ved skulane føremålstenleg organisert med tanke på å sikre betryggande kontroll?
 - b) I kva grad er det etablert tilstrekkeleg med sentrale og lokale system og rutinar for forretningsdrifta ved dei vidaregåande skulane?
 - i. Er det etablert retningslinjer og rutinar for forretningsdrift ved skulane?
 - ii. Er det etablert tiltak for å sikre økonomisk internkontroll slik som rutinar for budsjettering, ordremottak, dokumentasjon, fakturering, bokføring, avgiftsplikt m.v?
 - iii. Er det etablert rutinar for handtering av overskot/underskot av forretningsdrifta?
 - iv. Har skulane etablert eit rekneskapsmessig skille mellom skuledrift og forretningsdrift? Er det etablert retningslinjer for å hindre kryss-subsidiering?
 - v. Kva prinsipp blir lagt til grunn for prising av varer og tenester, og kva omsyn blir tatt knytt til konkurranse med lokalt næringsliv?

- vi. I kva grad er det etablert tilstrekkelig system og rutinar som regulerer sal av undervisningstenester både frå skulen og frå lærarane som private aktørar?

Revisjonsrapport skulle etter planen vore levert innan 04.09.2017, men av ulike årsaker er det vorte forseinkar og handsaminga er utsett til møte i kontrollutvalet i februar 2018.

13.5. Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar

Kontrollutvalet bestilte i september 2016 forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar. Av den godkjende prosjektplanen går det fram at prosjektet har slikt føremål og slike problemstillingar:

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøkje om minoritetsspråklege elevar i vidaregåande skular i Hordaland får den oppfølginga og opplæringa dei har rett på. Vidare er det eit føremål å undersøkje om unge asylsøkjjarar sin rett til vidaregåande opplæring blir ivareteke på ein tilfredsstillande måte.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

- 1. I kva grad har Hordaland fylkeskommune system og rutinar som sikrar at unge asylsøkjjarar sin rett til vidaregåande opplæring blir ivareteke?**
 - a. I kva grad får asylsøkjjarar med rett til vidaregåande opplæring eit tilbod om slik opplæring i Hordaland?
 - b. Er det etablert tilfredsstillande system for å halde oversikt over kor mange asylsøkjjarar i aldersgruppa 16-18 år som bur i ulike delar av Hordaland?
 - c. Er det etablert tilstrekkeleg med samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og kommunane i Hordaland for å avklare oppfølgingsansvar for asylsøkjjarungdom i aldersgruppa 16-18 år som ikkje sjølv søkjar vidaregåande opplæring?
- 2. I kva grad får minoritetsspråklege elevar i vidaregåande skular i Hordaland tilbod om særskilt språkopplæring i samsvar med føresegn i regelverket?**
 - a. Er det etablert tilfredsstillande system for kartlegging av norskunnskapane til minoritetsspråklege elevar?
 - b. I kva grad blir det gjort ei konkret vurdering av om elevar som har behov for særskilt norskopplæring også har behov for tospråkleg fagopplæring og/eller morsmålsopplæring?
 - c. Blir vedtak om særskilt språkopplæring utforma i samsvar med sentrale krav i opplæringslova og forvaltningslova?
 - d. I kva grad har skulane tilstrekkeleg kompetanse og ressursar til å gi eit tilbod om særskilt språkopplæring i samsvar med det som blir vurdert å vere eleven sitt behov?
- 3. I kva grad blir innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar nytta i samsvar med dei krav og avgrensingar som går fram av regelverket?**
 - a. I kva grad blir innføringsklasse nytta i opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar?
 - b. I kva grad ligg ei heilskapleg vurdering av kva opplæringstilbod som vil vere til eleven sitt beste til grunn for bruk av innføringsklasse, og i kva grad blir det innhenta samtykke til bruk av innføringsklasse?
 - c. I kva grad sikrar fylkeskommunen at innføringsklasse berre blir nytta i den utstrekning regelverket opnar for?
- 4. I kva grad er det etablert system og rutinar for å sikre at minoritetsspråklege elevar får relevant informasjon om målform?**
 - a. I kva grad er det etablert rutinar for å informere minoritetsspråklege elevar om rett til å velje skriftleg hovudmålform?

- b. I kva grad er det etablert rutinar for å informere minoritetsspråklege elevar om moglegheit til fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål, samt kva følgjer eit slikt fritak eventuelt kan få for vidare utdanning og jobb?

Det er formulert slik avgrensing av dette prosjektet:

«Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å omhandle fylkeskommunale vidaregåande skular i Hordaland. Private vidaregåande skular er ikkje omfatta av undersøkinga.»

Revisjonsrapporten vart handsama i fylkestinget 13.06.17 og det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å gjennomgå dei særskilde opplæringstilboda retta mot minoritetsspråklege elevar (treårig studiespesialiserande og VG1 helse- og oppvekstfag), og sikrar at fylkeskommunen etterlever reglane om organisering av klasser i opplæringslova § 8-2.
2. Å sikre at minoritetsspråklege elevar som ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa i skulen får eit tilbod om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd, og at det blir fatta enkeltvedtak om slikt opplæring.
3. Å sikre at det blir gjennomført kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine norskkunnskapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og at norskkunnskapane også blir kartlagt undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd.
4. At det for alle elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd.
5. Å sikre at enkeltvedtak om særskild språkopplæring blir utforma med bakgrunn i den enkelte eleven sine individuelle behov.
6. At sakshandsaminga og enkeltvedtaka om særskild språkopplæring ved skulane oppfyller krav i opplæringslova og forvaltningslova, mellom anna når det gjeld:
 - a) grunngjeving av enkeltvedtak
 - b) skildring av kva det er fatta vedtak om
 - c) informasjon om klageinstans og retten til å sjå dokumenta i saka
 - d) enkeltvedtak om opphør av særskild språkopplæring
7. Å leggje til rette for meir erfaringsdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbodet om særskild norskopplæring.
8. Å avklare og tydeleggjer ulike sider ved innføringsklassene ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, under dette vurderer fordelar og ulemper ved å ha eit innføringstilbod som ikkje er omfatta av opplæringslova, samt tydeleggjer kva dette har å seie for elevane.
9. At elevar som er aktuelle kandidatar for innføringsklasse blir tydeleg informert om at dei har rett til å velje ordinær opplæring framfor innføringsklasse, og om konsekvensane av valet eleven gjer
10. Å utarbeide rutinar for å tydeleggjere ytterlegare kva rettar elevane har når det gjeld val av målform, samt kven som har ansvar for å informere elevane om desse rettane.»
11. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen skal også leggjast fram for fylkestinget via utval for opplæring og helse.»

Handlingsplan i tråd med punkt 11 i vedtaket over vart handsama i møte i kontrollutvalet 29.11.2017 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar .
2. På bakgrunn av handlingsplanen ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.08.2018. Tilbakemeldinga må også innehalde når tiltaka er/skal verta iversett.

13.6. Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt

Kontrollutvalet bestilte i oktober 2016 forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt. Av den godkjende prosjektplanen går det fram at prosjektet har slikt føremål og slike problemstillinger:

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si planlegging og styring av investeringsprosjekt med særlig fokus på rutinar for god kostnadsstyring.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillinger:

- 1) *I kva grad har Hordaland fylkeskommune føremålstenlege rutinar for prioritering og planlegging av investeringar?*
 - a. *Er det etablert føremålstenleg organisering og samhandling knytt til planlegging og gjennomføring av investeringar i fylkeskommunen (mellom avdelingar og mellom administrasjonen og politisk nivå)?*
 - b. *Er det etablert føremålstenleg investeringsplanar med tydelege prioriteringar?*
 - i. *I kva grad er det etablert føremålstenlege rutinar for utarbeiding og rulling av langtidsplan og for innlemming av planlagde investeringar i årsbudsjett?*
 - ii. *I kva grad er det etablert rutinar for å gjennomføre behovsvurderingar knytt til planlagde investeringar?*
 - iii. *I kva grad er det utarbeidd rutinar for utarbeiding av kalkylar for investeringane?*
 - iv. *I kva grad er det utarbeidd rutinar som sikrar at det blir tatt omsyn til dei økonomiske driftsmessige konsekvensane ved investeringane?*
 - v. *I kva grad er det utarbeidd rutinar for å gjennomføre risikovurdering av investeringsplan og av vedtekne investeringar? I kva grad omfattar slike risikovurderingar ei vurdering av om det er realistisk å gjennomføre prosjektet innanfor dei rammene som er sett med omsyn til gjennomføringsperiode og estimert kostnad.*
 - c. *I kva grad er det samsvar mellom kostnadsestimater i investeringsplan og faktiske kostnader i prosjektrekneskapsrapportering i dei avslutta investeringsprosjekta?*
- 2) *I kva grad har Hordaland fylkeskommune føremålstenlege rutinar for økonomisk rapportering av vedtekne investeringsprosjekt?*
 - a. *Er det etablert rutinar for tidsriktig rapportering om kostnadsutvikling i investeringsprosjekt både administrativt og til politisk nivå?*
 - b. *I kva grad er det rutinar for å følgje opp rapportert kostnadsutvikling i pågåande prosjekt ved rulling av investeringsplan og planlegging av neste års budsjett?*
 - c. *I kva grad er det etablert rutinar for vurdering, og ev. implementering, av kostnadsreduserande tiltak ved kostnadsauke i investeringsprosjekt slik som til dømes justering eller terminering av prosjekta?*
 - d. *I kva grad er det etablert tilfredsstillande rutinar for å sikre momsrefusjon?*
- 3) *I kva grad har det vore tilfredsstillande kontroll med kostnadsutviklinga i utvalte prosjekt som er gjennomført i fylkeskommunen? (jf. problemstillingane over).*

Revisjonsrapport vart handsama i kontrollutvalet 18.12.17 der det vart vedteke slik innstilling til fylkestinget:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. *Etablering av system og rutinar som sikrar at usikkerheit blir kostnadsberekna i samband med kostnads kalkylar for byggeprosjekt i regi av eigedomsavdelinga, og fortløpande i prosjektgjennomføringa i samband med analyser av usikkerheit.*

2. At usikkerheit og risiko knytt til dei tidlege kostnadsestimata for både fylkesvegprosjekt og byggeprosjekt i regi av eigedomsavdelinga blir tydeleggjort, også ovanfor politisk nivå, for å sikre at det føreligg eit forsvarleg beslutningsgrunnlag ved avgjerd om prioritering av investeringsprosjekt. I dette ligg sikring av at prisstigning vert teke omsyn til og synleggjort.
3. Å tydeleggjere behovet for gode totalprognosar ovanfor Statens vegvesen som Sams vegadministrasjon, og avklarar korleis slik rapportering best kan kome på plass. I dette ligg at prosjektrekneskap skal reviderast og leggjast fram for kontrollutvalet, tilsvarande som prosjekt frå eigedomsavdelinga.
4. At delegering av mynde når det gjeld investeringar på fylkesvegnettet, til fylkesrådmannen og vidare til regionvegsjefen, er så tydeleg at det i minst mogleg grad er rom for ulike fortolkingar.
5. Å fastsette kriterium for kor stor grad av usikkerheit som er akseptabel i ulike fasar av eit investeringsprosjekt. Det bør vurderast om Hordaland fylkeskommune skulle ha nytta ekstern kvalitetssikring ved løyvingar til dei største investeringsprosjekta.
6. Å vurderer om det kan vere føremålstenleg å etablere nokre overordna prinsipp som skal liggje til grunn for prosessane med prioritering av investeringsprosjekt på tvers av sektorane
7. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Etter planen skal revisjonsrapporten handsamast i fylkestinget i mars 2018.

13.7. Forvaltningsrevisjon innan arkivering og journalføring

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon av arkivering og journalføring i møte 29.08.17 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan arkiv og offentlegheit frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter treforbruk, inntil 6 timar.
4. Det er ønskeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen, ber om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 28.02.2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil være å vurdere om Hordaland fylkeskommunen sine rutinar for offentlegheit og innsyn er i samsvar med aktuelle føresegner i lov- og regelverk, samt å vurdere system og rutinar for arkivering og journalføring i høve til gjeldande lover og regler.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. **I kva grad har fylkeskommune utarbeidd prosedyrar og rutinar for arkivering, og journalføring av korrespondanse, dokument og saksførebuing i fylkeskommunen?**
 - a) Korleis har fylkeskommunen lagt til rette for at saksdokument kan arkiverast og journalførast i tråd med regelverket?
 - b) Har fylkeskommunen ein oppdatert arkivplan som oppfyller krava i regelverket?
 - c) Har fylkeskommunen rutinar for å sikre at inn- og utgåande dokument vert registrert i samsvar med krav i regelverket? Omfattar ev. system og rutinar for arkivering og journalføring at alle typar inn- og utgåande meldingar, og under dette særleg:
 - i. E-post sendt direkte til eller frå leiar/sakshandsamar
 - ii. Tekstmeldingar (SMS)
 - iii. Telefonsamtalar som har relevans for sakshandsaminga
 - d) Korleis sikrar fylkeskommunen at organinterne dokument vert registrerte i samsvar med regelverket?

- i. I kva grad går det tydeleg fram av rutinane at organinterne dokument skal registrerast?
 - ii. I kva grad vert desse rutinane følgt?
- 2. I kva grad har fylkeskommunen rutinar som sikrar offentlegheit i saksbehandlinga, og i kva grad utøver fylkeskommunen meirinnsyn?**
- a) Følgjer den offentlege postlista krav i lov- og regelverk?
 - i. Er den offentleg postlista fullstendig?
 - ii. Har fylkeskommunen rutinar som sikrar at postlista vert publisert utan unødig opphald?
 - b) Kva system og rutinar har fylkeskommunen etablert for at media og innbyggjarar skal få innsyn i samsvar med offentleglova?
 - i. Kva rutinar har fylkeskommunen for skjerming av informasjon i postlista?
 - ii. Vert dokument som er unntatt offentlegheit på postlistene vurdert etter prinsippet om meirinnsyn?
 - iii. Har fylkeskommunen rutinar som sikrar at det vert gjennomført tilstrekkelege vurderingar av dokument og munnleg informasjon før ein unntek dokument frå offentlegheit?
 - iv. Har fylkeskommunen tilfredsstillande rutinar for handsaming av krav om innsyn i saksdokument, og i kva grad vert rutinane følgt?
 - c) Har fylkeskommunen system og rutinar for annonsering av politiske møte i tråd med lover og reglar?
 - d) Har fylkeskommunen rutinar som sikrar at det vert gjennomført tilstrekkelege vurderingar før ein lukkar møte i folkevalde organ?
- 3. I kva grad er dei tilsette og folkevalde i fylkeskommunen tilstrekkeleg kjent med system, rutinar og regelverk for arkivering og offentlegheit?**

13.8. Forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon av arkivering og journalføring i møte 29.08.17 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring frå Deloitte AS, med utgangspunkt i justert forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i justert forslag til prosjektplan.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
4. Det er ønskeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen, ber om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke i kva grad fylkeskommunen arbeider systematisk for å førebygge og redusere fråfall i vidaregåande opplæring. Under dette i kva grad årsaker til fråfall blir identifisert og i kva grad tiltak for å redusere fråfall blir sett i verk på både system- og individnivå.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. **I kva grad gjennomfører fylkeskommunen systematiske analyser av årsaker til fråfall i vidaregåande opplæring?**
 - a. Er det etablert føremålstenlege system for registrering og systematisering av sluttårsaker innanfor vidaregåande opplæring?

- b. *I kva grad blir det gjennomført analyser av årsaker til fråfall blant elevar i vidaregåande skule, og kva blir vurdert å vere dei viktigaste årsakene?*
 - c. *I kva grad blir det gjennomført analyser av årsaker til fråfall blant lærlingar, og kva blir vurdert å vere dei viktigaste årsakene?*
 - d. *I kva grad blir det gjort vurderingar av om det er variasjonar i årsakene til fråfall, til dømes knytt til geografi, avstand mellom heim og skule, studieprogram, skulestorleik, lærartettleik ved skulane, enkeltskular mv., og kva samanhengar er det eventuelt mogleg å sjå?*
2. ***I kva grad er det sett i verk føremålstenlege tiltak for å førebygge og redusere fråfall i vidaregåande opplæring?***
- a. *I kva grad er det sett i verk tiltak for å førebygge og redusere fråfall, og i kva grad er eventuelle tiltak basert på systematiske analyser av årsaker til fråfall?*
 - b. *I kva grad blir iverksette tiltak systematisk evaluert, for å vurdere om dei fungerer etter føremålet?*
 - c. *I kva grad blir erfaringsdeling og «beste praksis» systematisk nytta i arbeidet med etablering av tiltak for å redusere fråfall i vidaregåande opplæring?*
3. ***I kva grad er det etablert tilstrekkelege system for å følgje opp enkeltelevar eller lærlingar som er i faresonen for fråfall?***
- a. *I kva grad er det gitt felles føringar for korleis skulane, lærebedriftene og/eller andre aktuelle aktørar, skal identifisere og følgje opp elevar eller lærlingar som er i faresonen for fråfall?*
 - b. *I kva grad er det ei tydeleg ansvarsdeling når det gjeld oppfølging og tiltak ovanfor elevar i vidaregåande opplæring som blir vurdert å vere i faresonen for fråfall?*
 - c. *I kva grad er det ei tydeleg ansvarsdeling når det gjeld oppfølging og tiltak ovanfor lærlingar som blir vurdert å vere i faresonen for fråfall?*
 - d. *I kva grad blir retningsliner for identifikasjon og oppfølging av elevar og lærlingar som er i faresonen for fråfall følgt opp i praksis?*
 - e. *I kva grad er det etablert system for å evaluere om oppfølginga og dei ulike tilboda som oppfølgingstenesta (OT) tilbyr elevar/lærlingar i faresonen for fråfall, fungerer etter føremålet og bidrar til å redusere fråfallet?*

13.9. Forvaltningsrevisjon av beredskap på vegnettet

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 18.12.17:

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan «Beredskap på vegnettet» og innan*
2. *Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.*
3. *Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 17.01.2018 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.*

Forslag til prosjektplan skal handsamast i kontrollutvalet 05.02.2018.

13.10. Forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltning

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 18.12.17:

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan og innan «Kulturminneforvaltning».*
2. *Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.*
3. *Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 17.01.2018 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.*

Forslag til prosjektplan skal handsamast i kontrollutvalet 05.02.2018.

14. Gjennomførte selskapskontrollar

Forskrift om kontrollutvalg i kommunar og fylkeskommunar § 13. Selskapskontroll lyd m.a. slik:

«Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.»

14.1. Analyse og plan for selskapskontroll

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyd vidare slik:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.»

Deloitte leia i 2016, på bestilling frå kontrollutvalet, arbeidet med analyse og plan for selskapskontroll i Hordaland fylkeskommune. I analysearbeidet vart både administrativ og politisk leiing involvert. Vidare vart kontrollutvalet i sterk grad involvert, m.a. i 2 prosessmøte, som til slutt enda opp i at utvalet laga innstilling til fylkestinget på plan for selskapskontroll for 2016 – 2020. Planen vart vedteken i tråd med innstillinga i fylkestinget 04.10.2016.

14.2. Selskapskontroll av Hordaland Teater LL

Kontrollutvalet bestilte i september 2016 selskapskontroll av Hordaland Teater. Av den godkjende prosjektplanen går det fram at prosjektet har slikt føremål og slike problemstillingar:

«Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Hordaland teater AS. Vidare vil føremålet med selskapskontrollen vere å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk, samt har etablert ei organisering som sikrar ei god og effektiv drift.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål er det formulert følgjande overordna problemstillingar:

«(A) Problemstillingar knytt til fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning:

1. I kva grad har Hordaland fylkeskommune etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, egne vedtak og rutinar?
 - a. Korleis har Hordaland fylkeskommune følgd opp selskapet som eigar?
 - b. I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?
 - c. I kva grad blir eventuelle mål og krav til selskapet følgd opp av fylkeskommunen?
 - d. Kva krav har fylkeskommune sett ved tildeling av tilskot til selskapet og i kva grad følgje fylkeskommunen opp at tilskot blir forvalta i samsvar med krav og føringar?

(B) Problemstillingar knytt til drifta

2. I kva grad driv Hordaland teater si verksemd i samsvar med sitt vedtektsfesta føremål og andre sentrale mål som eigarane har sett for selskapet?

3. *I kva grad er det etablert system og rutinar som sikrar at aksjelova sine krav til god selskapsleiing blir etterlevd?*
4. *I kva grad har selskapet etablert føremålstenleg organisering og god internkontroll som omfattar:*
 - a. *Kontrollmiljø (organisering, leiarmodell, ansvarsdeling, samhandling)*
 - b. *Risikovurderingar (mål, risikovurderingar og risikoreducerande tiltak)*
 - c. *Kontrollaktivitetar (system og rutinar for kritiske prosessar)*
 - d. *Kommunikasjon og informasjon i verksemda*
 - e. *Leiinga si oppfølging (oppfølging av drifta i selskapet)*
5. *I kva grad blir tilskot nytta i samsvar med Hordaland fylkeskommune sine føringar og krav til resultat?»*

Revisjonsrapporten vart handsama i fylkestinget i møte 13.06.17 der det etter innstilling frå kontrollutvalet vart gjort slikt vedtak:

«På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Hordaland Teater LL ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syta for å:

1. *Sikre etterleving av vedtak og retningslinjer for val av styremedlemmar, og kriteria som er etablert for vurdering av kandidatar for styreverv.*
2. *Tydeleggjere korleis eigarføringar skal bli vidareformidla og følgt opp overfor selskapa.*
3. *Sikre at deltaking på generalforsamling blir avklart i tilstrekkeleg tid slik at eigarrepresentanten kan førebu seg, og få nødvendig innspel og informasjon frå kontaktpersonen i fylkeskommunen.*
4. *Etablere rutinar, basert på ei vurdering av risiko og vesentlegheit, som sikrar at fylkeskommunen gjennom tydelege krav til rapportering og/eller gjennom eigne kontrollar kan etterprøve at krava til tilskota blir etterlevd av tilskotsmottakar.*
5. *Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

På bakgrunn av selskapskontroll av **Hordaland Teater LL** ber fylkestinget styret syta for å:

1. *Gjennomgå styrande dokument og instruksar og sikre at desse er eintydige og bygger opp under den organisasjonsmodell som teateret ønskjer.*
2. *Sikre etterleving av styreinstruks i styret, dette omfattar styreevaluering for å vurdere både behov for kompetanse og eventuelle forbetringar i styrearbeidet.*
3. *Ha ei risikostyring som er tilpassa føremålet for verksemda.*
4. *Gjennomgå behovet for overordna rutinar (basert mellom anna på risikovurderinga) i lys av endringane selskapet står overfor. Revisjonen vil spesielt peike på utarbeiding eller forbetring av rutinar innanfor følgjande område:*
 - *Økonomi*
 - *offentlege anskaffingar*
 - *personalområde*
 - *handsaming av avvik*
5. *Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Handlingsplan i tråd med punkt 5 i vedtaka over vart handsama i kontrollutvalet i møte 30.10.17 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Fylkesrådmannen** har sett i gang i høve selskapskontroll av Hordaland teater LL.*
2. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen å komme med ny skriftleg oppdatert status på forbetningsarbeidet i høve punkt 1, 2 og 3 innan 01.07.2018. Tilbakemeldinga bør også innehalde dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av dei tre forbetningspunkta.*

3. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som styret/dagleg leiar har sett i gang i høve selskapskontroll av **Hordaland teater LL**.
4. Kontrollutvalet anmoder om å få ny oppdatert status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.07.2018. Tilbakemeldinga bør også innehalde dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbetningspunkta.

14.3. Selskapskontroll av Bybanen AS

Kontrollutvalet bestilte i oktober 2016 selskapskontroll av Bybanen AS. Av den godkjende prosjektplanen går det fram at prosjektet har slikt føremål og slike problemstillingar:

«Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Bybanen AS. Vidare er føremålet med selskapskontrollen å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre god beredskap ved driftsproblem og for kommunikasjon med og informasjon til kundar og samarbeidspartar.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande overordna problemstillingar:

1. I kva grad har Hordaland fylkeskommune etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, egne vedtak og rutinar?
 - a. I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?
 - b. I kva grad har fylkeskommunen følgt opp selskapet i samsvar med egne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapet?
2. I kva grad har Bybanen AS etablert system og rutinar for å handtere driftsutfordringar?
 - a. I kva grad er det etablert ein beredskapsplan og tilhøyrande rutinar som skal sikre alternativ transport ved eventuelle driftsutfordringar?
 - i. I kva grad dekker beredskapsplanen dei driftsutfordringane som Bybanen har opplevd?
 - ii. I kva grad blir beredskapsplanen nytta ved eventuelle hendingar?
 - b. I kva grad er det gjennomført dokumenterte risikovurderingar som ligg til grunn for beredskapsplan og system og rutinar knytt til å sikre driftstryggleik?
 - c. I kva grad har Bybanen tilstrekkeleg med system og rutinar for å sikre at ein tar lærdom av hendingar som har fått konsekvensar for drifta?
 - d. I kva grad er det etablert rutinar for leiinga sin gjennomgang av tryggleikssystemet, samt gjennomgang og evalueringar av hendingar og avvik?
 - e. I kva grad er det etablert system og rutinar som sikrar at det blir gitt naudsynt informasjon både internt, til samarbeidspartar og kundar ved eventuelle driftsutfordringar?
3. I kva grad er det etablert tydeleg ansvar og rolledeling mellom Bybanen AS og andre aktuelle aktørar slik som samferdsleavdelinga, Skyss, Bybanen utbygging og operatørselskap når det gjeld etablering av ei trygg og føreseieleg drift av Bybanen?»

I møte i kontrollutvalet 13.02.2017 vart det gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å komme i møte 27.3.17 for å gje ny status i høve oppfølging etter tilsynet frå Jernbanetilsynet med Bybanen AS.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i neste møte, vil kontrollutvalet ta stilling til om det må gjerast endringar i føremål og problemstillingar i selskapskontrollen av Bybanen AS.
3. Arbeidet med selskapskontroll av Bybanen AS vert stilt i bero inntil vidare.

Vidare vert det gjort slikt vedtak i møte i kontrollutvalet 27.03.2017:

«Kontrollutvalet vil komme tilbake til saka i møte 28.08.2017 når ein ser korleis handsaminga vert i fylkestinget i juni.»

I møte i kontrollutvalet 27.03.2017 vart det gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet vedtek å utsetje selskapskontroll av Bybanen AS til hausten 2018, når ny organisering har fått virke ei tid.»

14.4. Selskapskontroll av Vigo IKS

Kontrollutvalet fekk invitasjon frå Sør-Trøndelag fylkeskommune til å delta i felles selskapskontroll av Vigo IKS. Dette selskapet skal ivareta utvikling av fylkeskommunanes IT-system innan vidaregåande opplæring. Invitasjonen vart handsama i møte 15.06.2017 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er i utgangspunktet positiv til å delta i ein felles selskapskontroll av VIGO IKS.
2. Endeleg vedtak vert å komme tilbake til når det ligg føre forslag til prosjektplan som inneheld m.a. føremål, problemstillingar, revisjonskriterier, metodebruk, ressursbruk og leveringstidspunkt.

14.5. Selskapskontroll av Grieghallen IKS

Kontrollutvalet bestilte i møte 29.11.17 selskapskontroll av Grieghallen IKS ved at det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Grieghallen IKS frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
4. Det er ønskjeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen og selskapet, ber om at dei også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Bergen kommune eig Grieghallen saman med Hordaland fylkeskommune med 50 % eigarskap kvar. Kontrollutvalet i Bergen kommune vart invitert til å delta i selskapskontrollen, men dei takka nei til det.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at prosjektet har slikt føremål og slike problemstillingar:

Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Grieghallen IKS. Vidare er føremålet med selskapskontrollen å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk, samt etablert ei organisering som sikrar ei god og effektiv drift.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

«**Problemstillingar knytt til fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning:**

1. I kva grad har Hordaland fylkeskommune etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, samt eigne vedtak og rutinar?
 - a. I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?
 - b. I kva grad er det etablert ein selskapsavtale i samsvar med krav i regelverket?

- c. *Korleis har Hordaland fylkeskommune følgt opp selskapet, under dette mål og krav som eigarane har etablert for selskapet?*
- d. *Kva krav har Hordaland fylkeskommune sett i høve garanti som er gjeve til selskapet?*

Problemstillingar knytt til drifta i selskapet:

2. *Driv Grieghallen IKS si verksemd i samsvar med lov om interkommunale selskap, selskapsavtalen og andre sentrale mål som eigarane har sett for selskapet?*
3. *Har selskapet etablert tilfredsstillande internkontroll tilpassa drifta i selskapet?*
 - a. *Kontrollmiljø (organisering, leiing, ansvarsdeling, samhandling)*
 - b. *Risikovurderingar (mål, risikovurderingar og risikoreduserande tiltak)*
 - c. *Kontrollaktivitetar (system og rutinar for kritiske prosessar)*
 - d. *Kommunikasjon og informasjon i verksemda*
 - e. *Leiinga si oppfølging (oppfølging av drifta i selskapet)*
4. *Har selskapet etablert system og rutinar som sikrar ei forsvarleg økonomisk drift?»*

15. Andre saker

15.1. Uttale om prosjektrekneskapar

Kontrollutvalet har hatt 7 prosjektrekneskapar til handsaming i 2017. Prosjektrekneskapane har vorte levert i tråd med Hordaland fylkeskommune sine rutinar for handsaming av prosjektrekneskapar som vart vedteke av fylkestinget 15.10.13.

Likevel har kontrollutvalet også i 2017 merka seg at det for nokre prosjekt har vore store avvik i høve opphavleg budsjett og at det har teke lang tid frå siste løyving blei gitt, til endeleg rekneskap ligg føre.

15.2. Øvrige saker i kontrollutvalet i 2017

- Orientering om arbeid med etikk i Hordaland fylkeskommune
- Forslag til kurs i regi av Deloitte
- Budsjettforslag for kontroll og tilsyn 2018
- Henvending frå FrP gjeldande Nasjonal Transportplan
- Rekneskapsresultat for kontrollutvalet i løpet av året
- Henvending om representasjon på generalforsamlingar
- Fylkesrådmannen orienterte om avvik i prosjektrekneskapar
- Informasjon om dokumentasjon som grunnlag for garanti til sykkel VM 2017

OPPFØLGING AV TIDLEGARE GJENNOMFØRTE FORVALTNINGSREVISJONAR OG SELSKAPSKONTROLLAR

Kontrollutvalet har i løpet av 2017 følgd opp status på kva tiltak som er sett i verk i høve fylkestinget sine vedtak på tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar. Resultatet av dette arbeidet går fram av punkta under.

1. Forvaltningsrevisjon av internkontrollsystem og HMT

Kontrollutvalet bestilte i slutten av 2013 forvaltningsrevisjon av internkontroll og HMT. Revisjonsrapport vart levert i slutten av 2014 og den inneheld desse 15 tilrådingane:

1. Gjere tydeleg at fylkesrådmannen har eit overordna ansvar for arbeidet med kvalitet, HMT og informasjonstryggleik.
2. Vurdere å innføre årlege oppdragsbrev eller tilsvarande systematisering av måltal og krav til dei enkelte leiarar, og forsikre seg om at alle leiarar kjenner til kva fullmakter dei har.
3. Utvikle styrande dokument slik at det går fram meir konkrete krav til internkontrollen og korleis dei ulike prosessane/aktivitetane i internkontrollen er meint å fungere, under dette:
 - a) Setje tydelegare krav til korleis einingsleiarar og fylkesdirektørar skal følgje opp internkontrollen i eigne einingar.
 - b) Setje tydelegare krav til risikovurderingar og kva rolle desse skal spele i kvalitetsarbeidet i fylkeskommunen (ikkje berre innanfor HMT og informasjonstryggleik, men på alle område der det er fastsett mål, reglar og krav til rapportering).
4. Syte for at alle einingar og avdelingar tar i bruk risikovurderingar som eit verktøy i kvalitets- og internkontrollarbeidet for å kartlegge risiko for svakheiter knytt til måloppnåing, regeletterleving og rapportering.
5. Sikre at alle einingar og avdelingar set i verk risikoreduserande tiltak basert på gjennomførte risikovurderingar, og at dei utarbeider tilstrekkeleg med kontrollerande rutinar.
6. Vurdere korleis ein kan bruke innspel frå brukarar og tilsette på ein meir systematisk måte for å forbetre tenestene.
7. Få på plass system for dokumentstyring med rutinar for godkjenning og oppdatering av prosedyrar.
8. Sikre at alle leiarar og tilsette set seg inn i fylkeskommunen sine etiske retningslinjer, og gjere tiltak for å setje rette merksemd mot førebygging av korrupsjon og misleghald.
9. Gi tilstrekkeleg opplæring til leiarar og tilsette i kvalitetsarbeid og bruk av kvalitetssystemet, og som ein del av dette gi alle tilsette tilstrekkeleg informasjon om målet med avvikshandsaminga og korleis ein registrerer og følgjer opp avvik.
10. Vurdere å omtale varslingsrutinane i modulen for avviksregistrering i det elektroniske kvalitetssystemet, slik at det vert lettare for dei tilsette å forstå skilnaden mellom dei to typene meldingar.
11. Fastsetje tydelegare krav til korleis leiarar skal gjennomføre oppfølging av internkontrollen i si verksemd, og som ein del av dette korleis dei skal følgje opp resultatata frå eigenkontrollen.
12. Setje krav til at alle underliggande einingar (til dømes Skyss) rapporterer om arbeidet med HMT og internkontroll.
13. Sikre at alle einingar har system og rutinar på plass i samsvar med krav til internkontroll i arbeidsmiljølova § 3-1 (2). Spesielt må fylkeskommunen sjå til:
 - a) at dei einingane som ikkje har fastsett eigne mål for HMT i eininga gjer det.
 - b) at alle einingar gjennomfører HMT-kartlegging – td. vernerundar, vernemøte mv. og utarbeider handlingsplanar med bakgrunn i funn frå desse kartleggingane.
 - c) at einingsleiarar systematisk følgjer opp internkontrollen i eiga eining.
14. Vurderer om verneområda på nokre av skulane er for store til at verneombodet har full oversikt og kan ivareta sine oppgåver på ein forsvarleg måte.
15. Syte for at det kjem på plass tilstrekkeleg internkontroll knytt til elektronisk behandling av personopplysningar (jf. krav i personopplysningsforskrifta). Under dette m.a.

- a) *At avdelingar og einingar får oversyn over behandlingar av personopplysningar i systema dei arbeider med, og at dette vert samla i ei oversikt for fylkeskommunen.*
- b) *At det vert gjennomført risikovurderingar knytt til system som behandlar personopplysningar.»*

Denne forvaltningsrevisjonen er følgt opp ved 5 høve i 2016 og 2017. I samband med handsaming av siste tilbakemelding frå fylkesrådmannen i møte i kontrollutvalet 29.11.17, vart det gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet seier seg nøgd med tilbakemeldinga i høve forvaltningsrevisjon av HMT og internkontroll, seier seg ferdig med saka og ønsker lykke til med det vidare forbetningsarbeidet.»

2. Forvaltningsrevisjon av rusførebyggjande arbeid

Kontrollutvalet bestilte i slutten av 2014 forvaltningsrevisjon av «Rusførebyggjande arbeid ved vidaregåande skular». Revisjonsrapport vart levert hausten 2015 og fylkestinget gjorde i desemberinget på bakgrunn av denne slikt vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Rusførebyggjande arbeid i vidaregåande skular", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. *Utarbeide retningsliner eller rapporteringskrav for å sikre at skulane kartlegger risiko og utfordringar knytt til rus på sin skule, og følgjer kartlegginga opp som eit ledd i eit systematisk arbeid med arbeid med elevane sitt psykososiale skulemiljø, jf opplæringslova § 9a*
2. *Etablere krav om at skulane utarbeider rusførebyggjande planar, og krav til at desse planane blir følgt opp og revidert med jamne mellomrom, jf opplæringslova § 9a og retningsliner gitt i støttemateriell frå helsedirektoratet om rusførebyggjande arbeid i skulen*
3. *Sikre at skulane systematiserer kva tiltak dei nyttar i det rusførebyggjande arbeidet og i oppfølging av enkeltelevar*
4. *Sikre at skulane involverer helsesøster og dei kommunale helsetenestene i rusførebyggjande arbeid i tilstrekkeleg grad både på skulane og på systemnivå jf. rettleiar til forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon og skulehelseteneste*
5. *Å utarbeide retningsliner for samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og relevante samarbeidspartnare i det rusførebyggjande arbeidet*
6. *Sikre at elevar og føresette blir involvert i det rusførebyggjande arbeidet slik det går fram av Helsedirektoratet sitt støttemateriell for rusførebyggjande arbeid i skulen*
7. *Laga ein handlingsplan innan 1.3.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*
8. *Saka vert sendt ungdommens fylkesting for uttale. Ungdommens fylkesting og elevorg. i Hordaland vert inkluderte i arbeidet med handlingsplan.»*

Kontrollutvalet har følgt denne forvaltningsrevisjonen opp ved 4 høve igjennom 2016 og 2017. I samband med handsaming av siste tilbakemelding frå fylkesrådmannen i møte i kontrollutvalet 29.11.17, vart det gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner det ikkje er tilfredstillande at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av rusførebyggjande arbeid ikkje er ferdig nesten 2 år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort.*
2. *På bakgrunn at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 2, 3, 5 og 8 innan 15.01.2018.*

3. Selskapskontroll av Fastlandssambandet Halsnøy AS

Kontrollutvalet bestilte våren 2014 selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS. Revisjonsrapport vart levert vinter 2015 og fylkestinget gjorde i mars 2015 på bakgrunn av denne slikt vedtak:

«På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS, ber fylkestinget om at:

Fylkesrådmannen syter få å:

1. Sikre at styrerepresentantar og folkevalde får tilbod om tilstrekkeleg opplæring, i samsvar med KS sine tilrådingar.
2. Stille krav til selskapsstyret om å etablere styreinstruks og instruks for dagleg leiing, rutinar for eigenevaluering, styreopplæring, styreseminar, årleg plan for styret sitt arbeid og samla utgreiing i årsrapport, i samsvar med KS sine tilrådingar.
3. Utarbeide retningslinjer for val av styrerepresentantar og utøving av styreverv i samsvar med vedtak i fylkestinget.
4. Lage ein handlingsplan innan 01.06.15, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Fastlandssamband Halsnøy AS syter for å:

5. Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:
 - Utarbeide styreinstruks
 - Gjennomføre eigenevaluering for styret
 - Tilbod om opplæring for styrerepresentantar
 - Gjennomføre styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver
 - Utarbeide årleg plan for styret sitt arbeid
 - Slutte seg til KS sitt styrevervregister
6. Gjennomgå selskapet sine system og rutinar for innkjøp og sikre at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.
7. Legge arkivforskrifta til grunn for føring av selskapet sin postjournal.
8. Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.
9. Lage ein handlingsplan innan 01.06.15, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Kontrollutvalet har følgd selskapskontrollen opp ved 3 høve gjennom 2015 og 2016. I samband med kontrollutvalet si handsaming av siste tilbakemelding frå fylkesrådmannen og Fastlandssamband Halsnøy AS i møte 20.10.16, vart det gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med nytt skriftleg svar på dei tre punkta i vedtaket når det gjeld selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS seinast innan 1.11.16.
2. Kontrollutvalet ber om at Fastlandssamband Halsnøy AS kjem med ny skriftleg status på forbetningspunkta i denne selskapskontrollen med frist 30.11.16.

I samband med møte i kontrollutvalet 20.12.16 vart ny tilbakemelding frå fylkesrådmannen handsama og det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå fylkesrådmannen til orientering.
2. Kontrollutvalet seier seg nøgd med dei tiltaka fylkesrådmannen har sett i verk i høve selskapskontroll av Hardangerbrua AS og Fastlandssamband Halsnøy AS og seier seg ferdig med saka.

Det var ikkje motteke svar frå Fastlandssamband Halsnøy AS innan fristen 30.11.16, men i møte i kontrollutvalet 27.03.2018 vart tilbakemelding handsama og det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet selskapet har gjennomført i samband med selskapskontroll av **Fastlandssambandet Halsnøy AS**
2. Kontrollutvalet merkar seg også at det har gått sær lang tid sidan revisjonsrapporten vart handsama i fylkestinget 10.3.2015, utan at alle forbetringane er ferdig gjennomført.
3. På bakgrunn av at det framleis er ein del arbeid som er planlagt ferdig i løpet av første halvår 2017 ber kontrollutvalet om å få ny skriftleg statusrapport på punkta 1a, 1b, 1c, 1d, 2 og 4 innan 01.08.2017.

I møte i kontrollutvalet 12.09.2017 vart tilbakemelding frå Fastlandssambandet Halsnøy AS handsama og det vart gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå Fastlandssambandet Halsnøy AS i høve oppfølging av selskapskontrollen av selskapet og seier seg ferdig med saka.»

4. Forvaltningsrevisjon av NDLA 1

Kontrollutvalet bestilte i mars 2015 forvaltningsrevisjon av NDLA. Revisjonsrapport vart handsama i fylkestinget 8.3.16 der det etter innstilling frå kontrollutvalet vart gjort slikt samrøystes vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport av NDLA ber fylkestinget fylkesrådmannen og styret i NDLA syta for å:

1. Utarbeide ei oversikt over alle innkjøpsavtalar NDLA har med leverandørar
2. Utarbeide rutinar for oppfølging og kontroll av alle innkjøp NDLA gjennomfører, som inneheld:
 - a) Rutinar for kontroll av etterleving av regelverk for offentlege anskaffingar, og
 - b) Rutinar for kontraktsoppfølging.
3. Etablere eit system for avvikshandtering.
4. Utarbeide ein kompetanseplan for innkjøpsaktivitet i NDLA.
5. Utbetre internkontrollen i NDLA, gjennom å sørge for:
 - a) Systematisk kontroll av at innkjøpsprioriteringar og innkjøpsaktivitet samsvarar, og
 - b) Sentralisert kontroll av om innkjøp er samstemt med føresegn i kontraktar og rammeavtalar.
6. Søke balansert leverandøruavhengigheit i samsvar med innkjøpsstrategi.
7. Gjennomføre risikovurdering og etablerer internkontroll knytt til ev. leverandøravhengighet.
8. Utarbeide rutinar for kommunikasjon og rapportering mellom dagleg leiing og styret i NDLA.
9. Sikre at NDLA har ei fungerande styreform som sikrar kontroll og oppfølging av at organisasjonen blir drifta i samsvar med vedtekter.
10. Utarbeide rutinar for habilitet som er tilpassa innkjøpsaktiviteten i NDLA.
11. Sikre etterleving av innkjøpsstrategien sine etiske retningslinjer for NDLA.
12. Sikre at dokumentasjon blir arkivert i samsvar med gjeldande lovverk og arkivrutinar.
13. Utarbeide rutinar som sikrar at det ikkje føreligg personlege interesser som kan innebere interessekonfliktar i anskaffingsprosessar som vert gjennomført av NDLA.
14. Etablere tydelege kanalar og rutinar for intern varsling.
15. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.6.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iværksettinga.»

I samband med gjennomføring av denne forvaltningsrevisjonen viste det seg at arbeidet for revisor vart mykje meir krevjande og omfattande enn det som låg til grunn i den godkjende prosjektplanen. På bakgrunn av dette aksepterte kontrollutvalet ein monaleg auke i timetalet som revisor kunne nytte til revisjonen.

Denne forvaltningsrevisjonen er følgt opp ved 3 høve i 2016 og 2017. I samband med handsaming av siste tilbakemelding i møte i kontrollutvalet 30.10.17, vart det gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå NDLA når det gjeld forvaltningsrevisjon NDLA-1. Vidare oppfølging av forbetningsarbeidet i selskapet vert å komme tilbake til i samband med oppfølging av forvaltningsrevisjon av NDLA-2.»

5. Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vgs – Del 1

Kontrollutvalet bestilte i februar 2016 forvaltningsrevisjon innan innkjøp i vidaregåande skular i Hordaland. Revisjonsrapport vart handsama i fylkestinget 14.6.16 der det etter innstilling frå kontrollutvalet vart gjort slikt samrøystes vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular i Hordaland» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. At pågåande ulovlege innkjøp ved skulane som er påpeikt i rapporten vert avslutta og gjennomført med konkurranse i samsvar med krava i regelverket. I dette ligg det også:
 - a) At det snarast vert etablert kontrollrutinar ved skulane for å avdekke og følgje opp eventuelle brot på rutinar og regelverk i innkjøpsarbeidet
 - b) Å utarbeide prosedyre for innhenting av tilbod frå fleire leverandørar, slik det er lagt opp til i retningslinjene, som einingane kan støtte seg på i gjennomføring av mindre innkjøp
2. Å utarbeide retningsliner for dokumentasjon og kontroll av kontantsal, og sørgje for at kontantsal blir handtert i samsvar med krav i bokføringsforskrifta
3. Å utarbeide:
 - a) Oversikter over varelager og rutinar for vareteljning
 - b) Oversikter over maskiner og utstyr
 - c) Eit formalisert system for utlån og utleige av maskiner og utstyr
 - d) Oppdaterte retningsliner knytt til utlån, utleige og avhending, og sikre at skulane vert gjort kjende med retningslinene
4. Å vurdere å innføre retningsliner knytt til kven som kan kjøpe inn varer ved skulane som omfattar:
 - a) Kven som har høve til å kjøpe inn varer og tenester til skulen, kva typar varer/tenester og beløpsgrenser
 - b) Krav til kva opplæring dei som har ansvar for innkjøp skal ha
5. Å vurdere å setja minimumskrav til opplæring for alle som har fullmakt til å gjennomføre anskaffingar, og vurderer om innkjøpsseksjonen i så fall bør få ansvar for å følgja opp minimumskrava til opplæring i fylkeskommunen
6. Å vurdere om det er mogleg å finna betre metodar for å innhenta meir pålitelege data for måtalet «andel kjøp innanfor avtale»»
7. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.2.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Kontrollutvalet har handsama oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen 2 gonger i 2017, siste gong i møte 29.11.2017 og det vart gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon innan innkjøp i vidaregåande skular i Hordaland – Del 1. Vidare oppfølging av forbetningsarbeidet vert å komme tilbake til i samband med forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2, når den i si tid er ferdig handsama i fylkestinget.»

6. Forvaltningsrevisjon av regionale utviklingsmidlar

Kontrollutvalet bestilte i september 2015 forvaltningsrevisjon av regionale utviklingsmidlar. Revisjonsrapport vart handsama i fylkestinget 14.6.16 der det etter innstilling frå kontrollutvalet vart gjort slikt samrøystes vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Regionale utviklingsmidlar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at enkeltvedtak om fordeling av tilskot blir fatta i samsvar med gjeldande delegasjonar, og at eventuell vidaredelegering av vedtaksmynde blir formalisert.
2. Sikre at distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar blir nytta i samsvar med forskrift og retningslinjer frå KMD, under dette at midlane ikkje blir nytta til drift av næringsverksemd eller organisasjonar.
3. Sikre at tilgjengeleg informasjon om tilskotsordningane inneheld informasjon om tildelingskriterium, saksgang og saksbehandling, samt at det blir gjennomført systematiske evalueringar av informasjonsformidling og kunngjering for å sikre at informasjonen når heile målgruppa.
4. Sikre at det blir etablert tydelege tildelingskriterium for alle etablerte tilskotsordningar.
5. Sikre at all kommunikasjon med søkjarar, som har betydning for saka, blir arkivert i samsvar med forskrift om offentleg arkiv § 3-18 første ledd, og fvl. § 11d.
6. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Kontrollutvalet har følgd opp denne forvaltningsrevisjonen ved 3 høve i 2016 og 2017. I samband med handsaming av siste tilbakemelding i møte i kontrollutvalet 29.11.17, vart det gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon – regionale utviklingsmidlar og seier seg ferdig med saka.»

7. Forvaltningsrevisjon av skuleskyssordninga

Kontrollutvalet bestilte i september 2015 forvaltningsrevisjon av skuleskyssordninga. Revisjonsrapport vart handsama i fylkestinget 14.6.16 der det etter innstilling frå kontrollutvalet vart gjort slikt samrøystes vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av skuleskyss ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Etablere eit forsvarleg system etter § 13-10 i opplæringslova for styring, oppfølging og kontroll av skuleskyss i Hordaland fylkeskommune. Eit slikt system bør mellom anna innehalde:
 - a) Tydeleg avklart ansvarsdeling mellom Skyss og samferdselsavdelinga, mellom Skyss og kommunar og mellom Skyss og operatørar som Skyss har kontrakt med.
 - b) Tydeleg avklarte arbeidsoppgåver og ansvarsdeling for arbeidet med skuleskyss internt i Skyss.
 - c) Oppdaterte prosedyrar, retningslinjer og rutinar for arbeidet med skuleskyss som blir revidert jamleg.
 - d) System for registrering og handsaming av klager.
2. Etablere system og rutinar for samhandling med kommunane i samsvar med krav i regelverk og interne skildringar.
3. Gjennomføre jamlege økonomiske analysar som kan leggast til grunn for ei realistisk budsjettering av forvaltninga av skuleskyss.
4. Gjennomføre tiltak for å sikre eit tilstrekkeleg kostnadseffektivt skysstilbod, under dette
 - a) Betre heilskapleg planlegging av skysstilbodet
 - b) Betre oppfølging av operatørar
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.9.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Kontrollutvalet har fulgt opp denne forvaltningsrevisjonen ved 4 høve i 2016 og 2017. I samband med handsaming av siste tilbakemelding i møte i kontrollutvalet 18.12.17, vart det gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner det ikkje er tilfredstillande at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av skuleskyss ikkje er ferdig nesten 1 ½ år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort.*
2. *På bakgrunn at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 1a, 2 og 3 innan 01.05.2018.*

8. Selskapskontroll av Hardanger AKS AS

Kontrollutvalet bestilte i februar 2015, etter invitasjon frå kontrollutvalet i Kvam herad, selskapskontroll av Hardanger AKS AS (tidlegare Storeholmen VTA AS). Revisjonsrapport vart handsama i fylkestinget 14.6.2016 der det etter innstilling frå kontrollutvalet vart gjort slikt samrøystes vedtak:

«På bakgrunn av selskapskontroll av Hardanger AKS AS ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. *Setje i verk tiltak i tråd med dei 5 tilrådingane frå Deloitte som går fram av punkt 9 i rapporten.*
2. *Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

På bakgrunn av selskapskontroll av Hardanger AKS AS ber fylkestinget styret syta for å:

1. *Setje i verk tiltak i tråd med dei 16 tilrådingane frå Deloitte som går fram av punkt 9 i rapporten.*
2. *Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Det viste seg undervegs i arbeidet med denne selskapskontrollen at det vart store utfordringar med å få revisjonsrapporten ferdig innan den fristen som var sett. Dette skuldast i første rekke at Hardanger AKS AS ikkje leverte naudsynt informasjon til Deloitte før eit halvt år etter det var bede om. Informasjonen vert levert etter fleire purringar og etter at dagleg leiar hadde vore innkalla til møte i kontrollutvalet og gjort greie for kvifor informasjonen ikkje vart levert. På bakgrunn av dette aksepterte kontrollutvalet ein monaleg auke i timetalet som revisor kunne nytte til denne selskapskontrollen.

Kontrollutvalet har fulgt opp denne forvaltningsrevisjonen ved 3 høve i 2016 og 2017. I samband med handsaming av siste tilbakemelding i møte i kontrollutvalet 30.10.17, vart det gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner at det ikkje er tilfredstillande at **Fylkesrådmannen** sitt forbetningsarbeid etter selskapskontroll av Hardanger AKS AS ikkje er ferdig nesten 1,5 år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort.*
2. *Kontrollutvalet har forventning om at arbeidet er ferdig innan utgangen av 2017 og ber om ny skriftleg tilbakemelding på arbeidet innan 15.01.2018.*
3. *Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er nøgd med at **Hardanger AKS AS** er ferdig med sitt forbetningsarbeid i høve denne selskapskontrollen og seier seg ferdig med saka.*

9. Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i

Revisjonsrapport for selskapskontroll av arkivplikta til selskap som fylkeskommunen har eigarskap i vart handsama i fylkestinget i møte 14.12.16 der det etter innstilling frå kontrollutvalet vart gjort slikt vedtak:

1. På bakgrunn av selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune», ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syta for å:
 - a. Utforme retningsliner for arkiv og offentlegheit i selskap dei har eigarskap i. Dette for å sikra at selskapa følgjer regelverket, for å sikre innsyn i selskapa og for å sikre at arkivverdig dokumentasjon ikkje går tapt.
 - b. Følgje opp at det i selskapa er gjort dokumenterte vurderingar av kva krav selskapa er underlagt, knytt til arkiv og journalføring.
 - c. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.3.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
- 2- På bakgrunn av selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune» ber fylkestinget **Askøy bompengeselskap AS, Beredt AS, Bybanen AS, Hardanger AKS AS, Hardangerbrua AS, Hordaland Teater L/L, Kveik AS, Moster Amfi og kyrkehistoriske senter AS, Odda Vegfinans AS, Sunnhordland Lufthavn AS og Vestnorsk filmsenter AS** syta for å:
 - a. Følgje opp dei avvika som er nemnde i rapporten
 - b. Innføre naudsynte system og rutinar for å sikre at dei etterlever krav i regelverket
 - c. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.3.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Handlingsplanar i tråd med punkt c i vedtaket over vart handsama i møte i kontrollutvalet 15.06.17 der det vart gjort slike vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **fylkesrådmannen** har starta opp i samband med selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av handlingsplanen går det fram at det meste av forbetningsarbeidet skal vera ferdig i løpet av tidleg hausten 2017. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om ny status i forbetningsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.11.2017.
2, 3, 4, 9 og 10
Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Askøy Bompengeselskap AS, Beredt AS, Bybanen AS, Moster Amfi AS og Odda vegfinans AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at det meste av forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. For å få dokumentert at det ligg føre postliste ber kontrollutvalet om å få tilsendt utskrift av postlister for september månad 2017, innan 01.11.2017.
5. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Hardanger AKS AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. På bakgrunn av dette seier kontrollutvalet seg ferdig med saka.
6. Kontrollutvalet registrerer at det av tilbakemeldinga går fram at **Hardangerbrua AS** ikkje har sett i verk tiltak i høve det som kom fram i den gjennomførte selskapskontrollen av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Dei meiner at dette arbeidet bør vente til dei skal gå inn i det regionale bompengeselskapet Sørvest Bomvegselskap AS og ber om utsetjing inntil overtaking er gjennomført. Etter det vi kjenner til skal ikkje Hardangerbrua AS overtakast av det

nye selskapet før i 2018. Slik kontrollutvalet ser det er det ikkje tilfredsstillande at Hardangerbrua AS ikkje har sett i verk tiltak i tråd med det som kom fram i selskapskontrollen, men etter ei totalvurdering får Hardangerbrua AS ei utsetting slik dei ber om.

7. Det er ikkje motteke tilbakemelding frå **Hordaland Teater LL** i høve den gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Dette på tross av at det er send skriftleg purring både 24.3.2017 og 11.05.2017. Kontrollutvalet ser alvorleg på at slik tilbakemelding ikkje er motteke enno og ber om at denne vert send snarast. Kontrollutvalet vil vurdere å kalle inn styreleiaren i Hordaland Teater LL dersom svar ikkje vert motteke.
8. Det er ikkje motteke tilbakemelding frå **Kveik AS** i høve den gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Dette på tross av at det er send skriftleg purring både 24.3.2017 og 11.05.2017. Kontrollutvalet ser alvorleg på at slik tilbakemelding ikkje er motteke enno og ber om at denne vert send snarast. Kontrollutvalet vil vurdere å kalle inn styreleiaren i Kveik AS dersom svar ikkje vert motteke.
11. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Stord Lufthamn AS** har planlagt å sette i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet skal vera ferdig implementert frå 01.01.2018 med utarbeiding av prosedyrar og oppretting av postjournal. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om ny status i forbetningsarbeidet i form av kopi av prosedyrar og postjournal innan 31.12.2017.
12. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Vestnorsk filmsenter AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. På bakgrunn av dette seier kontrollutvalet seg ferdig med saka.

Oppfølging i tråd med vedtaka over vart handsama i møte i kontrollutvalet 12.09.17 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Hordaland Teater AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført. På bakgrunn av dette seier kontrollutvalet seg ferdig med saka.
2. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Kveik AS** har sett i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet stort sett er ferdig gjennomført. For å få dokumentert at det ligg føre postliste ber kontrollutvalet om å få tilsendt utskrift av postlister for september måned 2017, innan 01.11.2017.

Ny oppfølging i tråd med vedtaka over vart handsama i møte i kontrollutvalet 18.12.17 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet er nøgd med tilbakemeldinga på selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap og seier seg ferdig med saka når det gjeld nr 2. **Askøy Bompengeselskap AS**, nr. 3 **Beredt AS**, nr. 4 **Bybanen AS**, nr. 8 **Kveik AS**, nr. 9 **Moster Amfi AS** og nr. 10 **Odda vegfinans AS**.
2. Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg status på forbetningsarbeidet på selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap når det gjeld nr. 1 **Fylkesrådmannen** innan 19.02.18.

Dette betyr at det pr. 31.12.2017 er fylkesrådmannen si oppfølging av selskapskontroll som ikkje er ferdig gjennomført i tillegg til oppfølginga til Stord lufthamn

**Hordaland
Fylkeskommune**

Kontrollutvalet
c/o Sekretariat for kontrollutvalet
Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900, 5020 Bergen

telefon: 55 23 94 53/55 23 94 47/55 23 94 06/55 23 94 18/55 37 80 81

e-post: hogne.haktorson@hfk.no
e-post: roald.breistein@hfk.no
e-post: kari.nygaard@hfk.no
e-post: kjartan.haugnes@hfk.no
e-post: helge.johansen@hfk.no
e-post: kontrollutvalet@hfk.no